



Saksbehandlar: Hildbjørg Fludal

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/25	Utval for drift, utvikling og kultur	02.06.2025
034/25	Kommunestyret	17.06.2025

Trafikksikringsplan for Vindafjord kommune 2025 - 2035

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Trafikksikringsplanen sin tekstdel for Vindafjord kommune for 2025 - 2035 blir vedtatt.

Trafikksikringsplanen sin tiltaksdel blir utarbeidd og handsama av DUK. Prioriteringar for 2025 blir slik dei kjem fram i saka:

Innsatsområde 1, sikker skuleveg: Oppgradering av busslommer

- Busstopp i Imsland og på Bjoa som sikrar gode løysingar ved endring av skulestrukturen i Vindafjord
- Busstopp ved Skjold skule som treng plass til fleire skulebussa

Innsatsområde 2, trafikantåtferd: Skulane skal halde trafikalt kurs der òg risikovurdering er ein del av innhaldet

Innsatsområde 3, mjuke trafikantar i tettstader og grendesenter gjennom arealplanlegging og utbygging:

- MPG-løysing gjennom Skjoldavik og
- Tygga kryssing av Vikanesvegen ved Skjold areana og utvida venteplass for skulebuss

Innsatsområde 4, redusere tal ulykker: Starte arbeid med løysingar på strekninga som har flest ulykker evt har hatt størst trafikkauke

Utval for drift, utvikling og kultur 02.06.2025:

Behandling:

Kommunalsjef Halfdan Krohn-Brekke kommenterte at teksten under Innsatsområde 3, 1. punkt bør endrast frå: *MPG-løysing gjennom Skjoldavik* til *Trafikksikringstiltak i Skjoldavik*

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak, med forslått endring fra Krohn-Brekke, vart einstemmig vedtatt med 7 stemmer.

DUK - 022/25 Vedtak:**DUK si tilråding til Kommunestyret:**

Trafikksikringsplanen sin tekstdel for Vindafjord kommune for 2025 - 2035 blir vedtatt.

Trafikksikringsplanen sin tiltaksdel blir utarbeidd og handsama av DUK. Prioriteringar for 2025 blir slik dei kjem fram i saka:

Innsatsområde 1, sikker skuleveg: Oppgradering av busslommer

- Busstopp i Imsland og på Bjoa som sikrar gode løysingar ved endring av skulestrukturen i Vindafjord
- Busstopp ved Skjold skule som treng plass til fleire skulebussa

Innsatsområde 2, trafikantåtferd: Skulane skal halde trafikalt kurs der òg risikovurdering er ein del av innhaldet

Innsatsområde 3 , mjuke trafikantar i tettstader og grendesenter gjennom arealplanlegging og utbygging:

- Trafikksikringstiltak i Skjoldavik og
- Tygga kryssing av Vikanesvegen ved Skjold areana og utvida venteplass for skulebuss

Innsatsområde 4, redusere tal ulykker : Starte arbeid med løysingar på strekninga som har flest ulukker evt har hatt størst trafikkauke

Kommunestyret 17.06.2025:

Behandling:

DUK si tilråding til vedtak vart einstemmig vedtatt med 25 stemmer.

KS - 034/25 Vedtak:

Trafikksikringsplanen sin tekstdel for Vindafjord kommune for 2025 - 2035 blir vedtatt.

Trafikksikringsplanen sin tiltaksdel blir utarbeidd og handsama av DUK. Prioriteringar for 2025 blir slik dei kjem fram i saka:

Innsatsområde 1, sikker skuleveg: Oppgradering av busslommer

- Busstopp i Imsland og på Bjoa som sikrar gode løysingar ved endring av skulestrukturen i Vindafjord
- Busstopp ved Skjold skule som treng plass til fleire skulebussa

Innsatsområde 2, trafikantåtferd: Skulane skal halde trafikalt kurs der òg risikovurdering er ein del av innhaldet

Innsatsområde 3 , mjuke trafikantar i tettstader og grendesenter gjennom arealplanlegging og utbygging:

- Trafikksikringstiltak i Skjoldavik og
- Tygga kryssing av Vikanesvegen ved Skjold areana og utvida venteplass for skulebuss

Innsatsområde 4, redusere tal ulykker : Starte arbeid med løysingar på strekninga som har flest ulukker evt har hatt størst trafikkauke

Saksutgreiing

Samandrag

Trafikksikringsplanen er samansett av to delar. Den eine delen er ein tekstdel og den andre delen er ein tiltaksdel for fysiske tiltak.

Vindafjord kommune utarbeidde trafikksikringsplan i 2009 for perioden fram til 2018. Arbeidet med rullering av trafikksikringsplanen starta i 2018, men blei ikkje fullført.

I 2018 blei det utført eit omfattande høyringsarbeid i alle bygder. Dei fleste innspel er knytt til fysiske tiltak. I 2025 er det sendt ut ein avgrensa høyring knytt til fysisketiltak til grendeutval og FAU/skulane. Mange av dei nye innspela var knytt til trygging av busstopp på fylkesveggar.

I denne saka er det tekstdelen som blir lagt fram, utarbeidd av ei tverrfagleg gruppe. Politiet har vore representert i gruppa, i tillegg til interne representantar frå skule, arealplanlegging og teknisk.

Tiltaksdelen vil bli lagt fram i eiga sak. Ein ynskjer nærare gjennomgang med Statens vegvesen og Rogaland fylkeskommune av innspel til fysiske tiltak som er knytt til E 134 og fylkesvegane.

Bakgrunn for saka

Det er aktuelt å ha ein fornya plan for strategi for trafikksikring. I planen vert føringar frå nasjonalt, regionalt og lokalt nivå som gjeld trafikksikring knytt saman.

Vindafjord kommune blei trafikksikker kommune 5. desember 2022. Godkjenninga gjeld i 3 år. Ny trafikksikringsplan vil vere til stor nytte å ha på plass i samband med fornying.

Saks- og faktaopplysningar

Trafikksikringsplanen er til nytte for kommunen av fleire grunnar. Mest av alt vil det vere eit verktøy for målretta arbeid med å redusere ulykker og tap av liv i trafikken.

Vidare vil planen gi grunnlag for å skape større tryggleik for innbyggjarane når dei ferdast i trafikken.

Planen vil vere eit signal til andre instansar om kva Vindafjord kommune meiner er viktig når det gjeld tiltak på vegane i kommunen der kommunen ikkje er veghaldar eller har mynde.

Ein vedtatt trafikksikringsplan er nødvendig for å kunne motta trafikksikringsmidlar frå fylkestrafikksikkerheitsutvalet (FTU) i Rogaland fylkeskommune. Eit av kriteriene for å vere trafikksikker kommune er å vere kvalifisert til å søke om trafikksikringsmidlar.

Representantar frå Statens vegvesen eller Rogaland fylkeskommune har ikkje vore med i arbeidsgruppe som har laga ny plan. Føringar frå desse vegeigerane er tatt med i tekstdelen. Då så mange foreslåtte tiltak og ulykker er knytt til E 134 og fylkesvegane bør representantar frå desse veghalderane vere med for å kunne prioritere tiltak som er reelle i ferdigstillinga av trafikksikringsplanen sin tiltaksdel.

Innkomne merknadar/uttale frå partar

Tekstdelen er ikkje sendt ut på høyring denne gongen, men dokumentet er utarbeidd i tverrfagleg samarbeid.

Trygg trafikk har utarbeidd ein mal som kommunane kan nytte til sine trafikksikringsplanar. Malen ligg til grunn for arbeidsgruppa sitt arbeid.

Nasjonale, regionale og lokale føringar er tatt inn i planen.

Beredskap

Planen viser kor trafikkulykkene i kommunen skjer. Dei fleste og alvorlegaste trafikkulykkene skjer på E 134 og Saudavegen. På desse vegane er ein stor del av trafikken gjennomgangstrafikk.

Eit førebyggjande arbeid gir færre situasjonar med alvorlege ulykker som kommunen må handtere som beredskapsorganisasjon knytt til lokalisasjon og i høve til at både innbyggjarar og tilsette kan bli skada.

Vurdering

Tekstdelen er lagt opp til oversikt og langsiktige føringar. Dersom viktige samfunnsmessige endringar skjer eller politiske føringar ikkje lenger samsvarar med trafikksikringsplanen bør planen endrast. I utgangspunktet er planen tenkt å vere så robust at han ikkje treng rullerast for ofte.

Årleg rullert tiltaksdel ligg til grunn for tildeling av trafikksikringsmidlar frå FTU.

Tiltaksdelen vil vere eit levande dokument som korrigerer med utførte tiltak og nye innspel som blir aktuelle. Erfaringsmessig kan eit trafikksikringsprosjekt som til dømes blir aktuelt på grunn av tilstøytande prosjekt komme inn på tiltaksplanen og gi grunnlag for delfinansiering via trafikksikringsmidlar frå fylkeskommunen eller staten.

Tiltaksdelen av trafikksikringsplanen kan handsamast av DUK eller den tverrfaglege arbeidsgruppa for trafikksikring.

Ut frå innspel til tiltaksdelen og strategiar som ligg i delområde kan det i tilknytning til denne saka peikast på punkt for prioritering i 2025. Desse punkta er:

Innsatsområde 1, sikker skuleveg: Oppgradering av busslommer

- Busstopp i Imsland og på Bjoa som sikrar gode løysingar ved endring av skulestrukturen i Vindafjord
- Busstopp ved Skjold skule som treng plass til fleire skulebussa

Innsatsområde 2, trafikantåtferd: Skulane skal halde trafikalt kurs der òg risikovurdering er ein del av innhaldet

Innsatsområde 3 , mjuke trafikantar i tettstader og grendesenter gjennom arealplanlegging og utbygging:

- MPG-løysing gjennom Skjoldavik og
- Tygga kryssing av Vikanesvegen ved Skjold areana og utvida venteplass for skulebuss

Innsatsområde 4, redusere tal ulykker : Starte arbeid med løysingar på strekninga som har flest ulykker evt har hatt størst trafikkauke

Kommunedirektøren sin konklusjon

Trafikksikringsplanen sin tekstdel blir lagt fram til DUK for handsaming for seg.

Trafikksikringsplanen sin tekstdel blir lagt fram til kommunestyret for handsaming.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Vindafjord kommune har indirekte tatt på seg å ha ein vedtatt trafikksikringsplan som ein del av godkjenninga av Trafikksikker kommune.